

## **Midtre Haram Storvald SA**

### Årsmelding 2020 - 16.driftsår

Andre år i fjerde driftsplanperioden i storvaldet hatt styret hatt denne samansetjinga:

Anders E. Leine	Leiar
Arne Skaar	Nestleiar
Even Otterlei	Kasserar
Caroline Valde	Sekretær
Kristin H. Breivik	Styremedlem

I 2020 har det vore halde 1 fysisk styremøte og eit utandørs jegermøte. Årsmøtet for 2019 vart avvikla per SMS til jaktfeltleiarar, der alle samtykket i framlagt driftsplan, og at sitjande styre forlenga eit ekstra år. Styremøtet var forberedande møte til årsmøte, løpande dialog på messenger gruppa til styret undervegs i jakta.

Leiar og nestleiar har også deltatt på fellesmøte for alle storvald i Ålesund Kommune. Her var det diskutert mellom anna minsteareal, kommunal viltneimnd, og det blei bestemt at det skulle dannast et viltråd. Etter jegermøtet vart det beslutta at Geir Liljevold stiller som representant for MHS i dette utvalet.

Det har vore misnøye i storvalda i kommunen om måten hjorteforvaltninga blir drifta. Tilskotsordning frå tidlegare Haram er ikkje lenger eksisterande, den nye ordninga er det vanskeleg å få informasjon om.

Det kom også eit høyringsforslag om endring av minsteareal, denne høyringa var ikkje riktig utført ihht viltlova, det blei derfor sendt inn skriftleg svar til kommunen.

Vi starta våren med vårteljning, datoane var 17.april og 1.mai. Teljingane var forholdsvis lik med slik det har vore dei siste åra. Teljingane blir utførte av medlemmer frå styret og frivillige jegerar i nærområdet.

Område	2017		2018		2019		2020	
	13.apr	29.apr	14.apr	01.mai	13.apr	27.apr	17.apr	01.mai
Slyngstad/Tennfjord	45	70	59	76	100	40	56	64
Samfjord/Helland	37	56	53	88	61	25	56	52
Skår/Ertresvåg/Vatneidet	62	56	96	110	85	108	109	61

Samarbeidet med dei enkelte jaktfelte er godt. Rapporteringa skotne dyr og slaktevekt har stort sett kome inn i tide. Når man samkøyrer listene av innmeldingar med Sett Hjort registrering ser vi at enkelte dyr ikkje blir meldt inn innan fristen på 24t.

Sett hjort registrering har vore bra dei siste åra, men i år måtte det igjen sendast ut påminning til 7 av 14 jaktfelt. Det er oppdaga mykje rot, manglande rapportering, feil vekter (på innmelding eller registrering), feil datoar på fellingar, feilregistrert felte dyr, jakt dagar utan felte dyr er ikkje registrert. F.o.m. 2020 var dette listene Ålesund Kommune brukar som underlag for faktura, og det var en flau seanse da avvik ble gjennomgått.

Skal ein jakte og forvalte hjortevilt skal ein forhalda seg til dette! Frå og med 2020 gjeld registreringa også for rådyr.

Veret under jakta i 2020 har vore uvanleg godt. Frå jaktstart og nesten heile vegen til jaktslutt var det veldig fint og gode forhold.

Det har som vanleg vore skote mykje dyr i fullmåneperiodane. Frå jaktfelte blir det rapportert inn at det er over normalår med tanke på hjorteobservasjonar.

I 2020 vart det felt 112 hjortar og 4 rådyr i heile Midtre Haram Storvald. Dette er 10 fleire enn 2019 sesongen og eit dyr meir enn avskyttingsmålet. Vi ligg altså etter 2020 sesongen eit dyr framom målet i denne driftsplanperioden, men det er heilt greitt. Max avvik frå år til år er 10%, altså 11 løyver.

Vi måtte være rasjonelle med tilleggsdyr sidan det vart skote veldig mykje dyr i starten av jakta, det vart operert med venteliste på tilleggsdyr, og slept ut løyver puljevis.

Under jakta 2020 har vi ikkje fått meldt inn ettersøk etter påskotne hjortar. Ettersøksjegerar var heller ikkje kontakta. Ettersøksjegerar var i år Even Otterlei, Yngve Ramnestad og Tor Johan Hatlehol.

I år er det rapportert fleire mistankar om tjuvjakt.

Når ein ser på snittvektar er det viktig å tenke på at vi prøver å luke vekk dei minste og svakaste dyra, dette får sjølvstekt innverknad på snittvektene.

Ein kan sjå at vektar på spissbukkk litt nedgåande samanlikna med toppåra 2015 og 2016.

Kalve vekta er stabil frå 2019, framleis noko lav, men det var heile 5 kalvar under 15kg som dreg ned.

Fjorskolle vekta er forholdsvis stabil siste 4år.

Spissbukkk vektene er i nedre sjiktet av det vi har sett sidan vi starta med storvald.

At vekta på EK er historisk lav kan være fordi det er felt mange 2,5års koller.

Tabell for snittvektar:

Snittvekt	Kalv	FK	SB	EK	EB
2005	25,8	46,2	48,6	53,1	77,4
2006	25,6	41,9	45,8	53,8	65,4
2007	24,4	43,3	45,8	54,1	72,5
2008	24,3	41,0	46,3	53,2	83,2
2009	24,0	40,7	48,9	54,8	83,9
2010	23,3	40,9	46,0	54,9	70,5
2011	23,8	39,5	43,2	52,7	69,9
2012	26,2	41,8	45,1	56,5	78,0
2013	25,1	40,6	47,0	52,7	79,0
2014	23,7	45,2	46,1	54,2	86,5
2015	26,9	44,1	49,4	55,6	78,5
2016	23,3	40,8	48,6	55,6	91,6
2017	23,8	40,8	45,5	54,0	84,0
2018	21,6	39,8	45,8	53,8	80,5
2019	24,5	42,2	48,3	55,4	85,2
2020	22,9	41,1	46,4	51,6	81,9

Som vi kan sjå i tabellen nedanfor skyt vi forholdsvis jevnt av dei ulike kjønn og aldersgrupper igjennom dei siste driftsperiodane. Målsetjinga er å spare store, gode avlsdyr, og legge uttaket på ungdyr.

Antall	Hokalv	Hannkalv	FK	SB	EK	EB
2020	16	15	13	18	26	24
2019	12	20	16	20	17	17
2018	11	9	11	15	19	21
2017	7	14	13	12	21	14
2016	9	10	16	14	21	17
2015	7	14	10	12	15	11
2014	10	9	10	15	19	16
2013	11	10	11	25	21	14
2012	15	8	10	11	25	11
2011	13	13	6	12	22	12
2010	13	8	17	16	24	6
2009	11	11	12	10	24	15
2008	8	11	11	11	20	14
2007	10	14	6	9	18	18
2006	15	15	12	7	19	6
2005	9	9	6	13	13	10

Merk at tall for Helland kom inn f.o.m. 2019, og Remme f.o.m. 2020.

Avskyting i forhold til satte mål i driftsplan:

2020	Kalv %	Kvige%	Kolle %	Bukk %
Skote	26	16	26	32
Målsetjing	30	15	20	35

Samla kjøttutbytte av hjortejakta er 5388kg, som med ein kg-pris på 75kr tilsvarer kr. 404100.

Totalt i 16års perioden er det skote 1317 dyr

Det er tatt ut ein kalv/ungdyrprosent på 55, som er det lågaste dei siste 13åra, vi må prøve å ta ein høgare del av uttaket på fjorskoller framover.

Største bukken vog 109 kg, minste kalven vog 11 kg.

Fire spissbukkar og to fjorskoller har vorte klassa ned til kalv i år, men det var fem spissbukkar og tre fjorskoller har vore under grensa for

nedklassing. To kalvar og ein eldre bukk har blitt ført på storvaldet si skrapdyrkvote, men fem kalvar har vore under vektgrensa på 20kg.

Under jakta har styret kontrollert 13 felte dyr utan merknad.

Det er noko uro i enkelte av jaktfelte, styret anbefala derfor at det gjerast klare avtalar, og blir laga jegerkontrakter med jegerar som ikkje er grunneigarar.

Storvaldet er registrert i Brønnøysundsregisteret med organisasjonsnummer 916 463 944.

Storvaldet har heimeside ”www.mih.no” som har blitt oppdatert nesten dagleg gjennom heile jaktperioden. Mange er flinke å sende inn bidrag i form av bilde. Dei gangane det kjem ei historie ilag med bildet er det ekstra hyggeleg.

Vi får gode tilbakemeldingar på nettsida, også frå personar som ikkje jaktar eller er grunneigar i storvaldet.

I 2020 sesongen var avtalen med «Hjortejakta i Haram» (Peder Nålsund) sida ikkje forlenga. Midtre Haram Storvald sitt resultat vart altså ikkje registrert der. Nokre av dei andre storvalda i kommunen har likevel valt å bruke denne, sidan dei ikkje har heimeside.

Vinneren av årets revekonkurransen var, også i år, John Johansen.

2021 blir andre år i fjerde driftsplanperioden.

For styret i Midtre Haram Storvald  
Anders Engeseth Leine, leiar